

## 17. Trus- og livssynssamfunn og Den norske kyrkja

### 17.1. Nokre resultat

10 prosent i trus- og livssynssamfunn


Trus- og livssynssamfunn som er utanfor Den norske kyrkja (Dnk), og som får statstilskot, hadde 484 500 medlemmer per 1. januar 2011. Dette utgjorde 10 prosent av befolkninga.

Auken i talet på medlemmer var på 34 700 medlemmer, eller 8 prosent, frå 2010. Sidan 2005 har talet på medlemmer i trus- og livssynssamfunn auka med drygt 100 000 medlemmer. Dei kristne trussamfunna står for om lag halvparten av denne veksten viss ein ser på heile perioden under eitt.

Dei kristne trussamfunna utanfor Dnk hadde 267 000 medlemmer som utgjør 55 prosent av alle medlemmene i trus- og livssynssamfunna som fekk statstilskot i 2011. Dei kristne trussamfunna hadde størst vekst i talet på medlemmer siste året, ein vekst på 21 000, eller om lag 9 prosent. Den romersk-katolske kyrkja er det største kristne trussamfunnet eller trusretninga med 83 000 medlemmer. Talet på medlemmer i Den romersk katolske kyrkja auka med 16 000 eller 24 prosent frå 2010 til 2011. Denne auken kan sjåast i samanheng med auken i innvandring frå andre land, spesielt Polen. Meinigheiter innanfor pinserørsla hadde om lag 39 600 medlemmer.

Islamske trussamfunn hadde 106 700 medlemmer per 1. januar 2011. Dei utgjorde 22 prosent av alle medlemmene i trus- og livssynssamfunn utanfor Dnk. 84 500 var medlemmer i livssynssamfunn i 2011. 99 prosent av alle medlemmene i livssynssamfunna hørte til Human-Etisk Forbund.

Figur 17.1. Medlemmer<sup>1</sup> i trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja, etter religion/livssyn. 2005-2011. Prosent



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.


20 prosent i trus- og livssynssamfunn i Oslo

Siste året var det vekst i talet på medlemmer i alle delar av landet. Oslo er framleis det fylket der flest står utanfor Dnk. Samanlikna med andre fylke var 20 prosent av folkemengda i Oslo medlemmer i eit trus- eller livssynssamfunn utanfor Dnk. Dette utgjorde 118 000. Om lag ein fjerdedel av alle medlemmene i trus- og livssynssamfunn er busette her. Oslo hadde òg den største auken i talet på medlemmer frå 1. januar 2010 til 2011, med 8 900, eller 8,2 prosent.

Blant dei som bur i Oslo, har dei islamske samfunna nærare 48 000 medlemmer, og kristne trussamfunn om lag 44 100 medlemmer. Dei kristne samfunna hadde den

største auken i Akershus, med om lag 4 400 medlemmer. 36,4 prosent av alle medlemmene i trus- og livssynssamfunn bur i Oslo og Akershus (SSB 2012a).

**Figur 17.2. Del av befolkinga i trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja, etter fylke. 2011**



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**77 prosent medlem i Dnk**


Ved årsskiftet 2011/2012 var 77,2 prosent av Noregs befolkning medlemmer i Den norske kyrkja. Sjå tabell 17.2. Denne prosentdelen er 0,3 prosentpoeng høgare enn nøkkeltala i KOSTRA-publiseringa. Årsaka til at medlemstalet som kjem fram i tabell 17.2 er høgare, er dei medlemmene som har ukjend bustad eller adresse. Desse får ikkje utdelt noko kommunenummer og er difor ikkje med i KOSTRA-tala. Totalt var det 3 851 145 medlemmer i Dnk 31.desember 2011. Sett i høve til befolkinga i dei ulike fylka, er delen medlemmer gått ned i alle fylka. Men dersom ein ser på dei absolutte tala, aukar talet på medlemmer i fleire fylke .

**6,2 millionar gudstenestebesøk**

Over 6,2 millionar personar var til stades ved gudstenestene i Den norske kyrkja i fjor. I fleire år har det vore nedgang i deltaking i gudstenestene i Den norske kyrkja, men tala for 2011 viser derimot ein auke på nær 3 prosent, eller 164 000 fleire deltakarar enn i 2010. I gjennomsnitt var det 96 deltakarar på kvar gudsteneste i 2011, litt høgare deltaking enn året før. Talet på gudstenester haldne i 2011 var på same nivå som føregåande år, 65 600 gudstenester (SSB 2012 a).

Sjølv om det totale talet på gudstenester var stabilt, viser det seg at talet på gudstenester på søndagar og helgedagar gjekk noko ned, mens gudstenester utanom søndagar og helgedagar syner aukande tal. Noko av auken på desse gudstenestene kjem av tidebøns gudstenester som ikkje er talde med i tidlegare års statistikk. Fleire gudstenester på andre dagar enn søndag og helgedag viser også ei aukande deltaking, 75 400 fleire deltakarar på desse gudstenestene i 2011 samanlikna med året før. Til saman var det nær 1,3 millionar deltakarar ved gudstenestene på kvardagar, som utgjer drygt 20 prosent av all gudstenestedeltaking. Bortsett frå Hamar og Nord-Hålogaland hadde alle bispedøma fleire deltakarar på kvardagsgudstenestene.

**Figur 17.3. Den norske kyrkja. Talet på deltakarar per gudsteneste søndagar/helgedagar i gjennomsnitt, etter bispedøme, 2006-2011**



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

I årsstatistikken for Dnk blei det rapportert at 7 050 personar melde seg ut av Dnk i 2011 og 1 750 melde seg inn. Det er ein auke på 480 utmelde samanlikna med talet for 2010. Talet på innmelde auka med 650 personar siste året.

Dåp viser same tendens som åra før med færre døypte i Den norske kyrkja. I 2011 blei det utført nær 40 000 dåpshandlingar. Dette utgjer ein nedgang på drygt 1 100 frå året før. Prosentdelen døypte i forhold til talet på fødde var i fjor på 66 prosent, mot 67 prosent i 2010. Denne delen har gått ned samstundes med at fødselstala gjekk ned i same periode.

#### 42 600 konfirmantar


For tredje året på rad aukar talet på konfirmerte i Den norske kyrkja. Nær 42 600 blei konfirmerte i Den norske kyrkja i 2011. Det er 575 fleire konfirmantar enn året før. Sjølv om talet på konfirmasjonar i kyrkja auka i fjor, ser vi likevel at delen konfirmerte i høve til totalt tal på 15-åringar fall. I 2011 blei 65 prosent av 15-åringane konfirmerte i kyrkja. Delen fall dermed med 0,1 prosentpoeng frå 2010 til 2011.

Delen konfirmerte varierer i dei ulike bispedøma. I Møre bispedøme står kyrkjeleg konfirmasjon sterkt, 84 prosent av alle 15-åringane i dette bispedømet blei konfirmerte i Den norske kyrkja i 2011. Lågast del finn ein i Oslo bispedøme med 40 prosent av alle 15-åringane.

Nøkkeltala for Dnk syner også kor mange gravferder som blir gjennomførte kvart år. Det blei rapportert 37 900 kyrkjelege gravferder i 2011, ein svak nedgang frå det føregåande året. Dette svarer til om lag 92 prosent av talet på dei som døydde i 2011. Fleire detaljar om kyrkjelege handlingar finn ein i tabell 17.4.

<i>8 600 kyrkjelege vigslar</i>	I alt blei 23 100 ekteskap inngått i 2011. Årsstatistikken viser at 8 600 par blei vigde i Dnk. Nedgangen i kyrkjelege vigslar reflekterer ein svak nedgang i det totale talet på giftarmål, ein nedgang totalt på om lag 450 frå året før (SSB 2012 b). Nedgangen i kyrkjelege vigslar var om lag 900. Prosentdelen kyrkjelege vigslar sett i høve til alle vigslar var 39 prosent i 2011 (folkeregisteropplysningar). I 2009 og 2010 var delen kyrkjelege vigslar respektive 43 og 42 prosent av det totale talet på vigslar. Tala på vigslar rapporterte gjennom Årsstatistikken frå dei geografiske sokna ligg litt lågare enn folkeregisteropplysningane da handlingar utanfor sokna (til dømes vigslar ved institusjonar, feltprestekorpset og anna som har eiga kyrkjebokføring) ikkje er rekna med i årsstatistikken. Vigslar utførte i utlandet er heller ikkje rekna med i tala.
<i>Sysselsette i Dnk</i>	<p>Sysselsetjingsstatistikken viser at det var drygt 9 000 sysselsette i Den norske kyrkja per 4. kvartal 2011, ein auke på 270 i høve til året før. 51 prosent av dei tilsette i Dnk var kvinner. Det viser tala frå den registerbaserte sysselsetjingsstatistikken for Dnk. Delen kvinnelege tilsette har halde seg stabil sidan 2006. Tala i tabell 17.6 gir ei oversikt over sysselsette etter verksemd og kjønn, sjå kapittel 3.3 og avsnitt 17.2.</p> <p>I tabell 06932 i Statistikkbanken (ssb.no) kan ein også finne sysselsette personar og avtala årsverk i Dnk etter yrke, kjønn, alder og bispedøme. I 2011 var det 1 646 sysselsett innanfor geistlege yrke, 32 prosent av desse var kvinner.</p>
<i>Statlege og kommunale utgifter til Dnk og trus- og livssynssamfunn</i>	<p>Det går fram av Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet sitt rekneskap for 2011 at dei statlege utgiftene til Dnk utgjorde 1 672 millionar kroner. Kulturdepartementet sin rekneskap for 2011 synar at dei statlege utgiftene til «tilskot til trussamfunn m.m.» utgjorde 215,3 millionar kroner. Sjå. kapittel 1 og tabellane 1.1.1 og 17.7.</p> <p>Kommunanes utgifter til Dnk og andre religiøse formål for 2011 finn ein i tabell 17.8 som er basert på KOSTRA-rapporteringa. Totalt var netto driftsutgifter i kommunane til Dnk (rekneskapsfunksjon 390) og rekneskapsfunksjon 393 kyrkjegardar, gravlundar og krematorium på drygt 2,5 milliardar kroner til saman, som svarer til 1,1 prosent av totale netto driftsutgifter. Fordi det er få kommunar som har forvaltningsansvaret for kyrkjegardar med meir, må ein sjå desse to funksjonane under eitt. Til «andre religiøse formål», til dømes tilskot til trus- og livssynssamfunn, var netto driftsutgifter 220 millionar kroner. Sjå tabell 17.8.</p>
<i>18 prosent på gudsteneste eller religiøst møte månadleg</i>	I levekårsundersøkinga i 2011 blei det blant anna spurt om ein hører til ein religion, og om ein deltek på gudsteneste eller religiøst møte. Tala syner at 55 prosent hører til ein religion eller trusretning. Av desse er det 18 prosent som deltek på gudsteneste eller religiøst møte månadleg. Det er fleire kvinner enn menn som hører til ein religion/trusretning, og blant kvinner i aldersgruppa over 67 år er det 79 prosent, mot 63 prosent av mennene i same aldersgruppe. Tala viser at blant folk som bur i Agder og Rogaland, er det 59 prosent som hører til ein religion eller trusretning. Ser ein på utdanning, er det dei med låg utdanning som oftast hører til ein religion, men dei er i mindre grad aktive i gudstenester og religiøse møte. Sjå tabell 17.10 og figur 17.4.

**Figur 17.4. Religiøs tilknytning og deltaking for personar 16 år og over, etter kjønn, alder, landsdel og utdanning, 2011. Prosent**



## 17.2. Om statistikken – trus- og livssynssamfunn og Den norske kyrkja

### Trus- og livssynssamfunn

Hovudformålet med denne statistikken er å synleggjere talet på medlemmer i dei trussamfunna og livssynssamfunna utanfor Dnk som søker om statsstøtte. Statistikken over trus- og livssynssamfunn utanfor Dnk byggjer på oppgåver frå fylkesmennene, over dei samfunna som har fått statstilskot. Frå 2005 blir medlemslistene til trus- og livssynssamfunna som søker om statstilskot via fylkesmennene, sende til Brønnøysundregistra (BR) for kontroll. Medlemslistene blir kontrollerte for dobbeltmedlemskap mellom dei ulike trus- og livssynssamfunna og for dobbeltmedlemskap mellom Dnk og trus- og livssynssamfunn utanfor Dnk. SSB får oppgåve over talet på medlemmer frå BR.

Alle trus- og livssynssamfunna som er godkjende hos fylkesmannen, og som får statstilskot for rapporterte tal på medlemmer i samfunnet, er med i statistikken. Eininga i statistikken er det enkelte samfunn. Nokre nye samfunn kjem til i statistikken kvart år, mens andre samfunn som har vore med tidlegare/andre år, ikkje alltid er representerte året etter. Statistikken inneheld ikkje opplysningar om talet på meinigheiter.

### Dnk – årsstatistikk

Frå og med statistikkåret 2005 skjer rapporteringa av årsstatistikk for Dnk på elektronisk skjema til SSB. Innhentinga av statistikken var til og med 2011 eit samarbeid mellom SSB og Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet. Frå 2012 er ansvaret for kyrkjeestatistikken overført til Kyrkjerådet. Formålet med statistikken er å gi informasjon om verksemda i kyrkjelydane.

Statistikken omfattar alle geografiske sokn i Dnk, med unntak av Svalbard. Det blir samla opplysningar om innmeldingar, utmeldingar, kyrkjelege handlingar<sup>6</sup>, gudstenester, opplæring og diakoni, barnehage- og skolekontakt, kyrkjemusikk og kulturarbeid, frivillig arbeid og ofringar. I hovudsak skal det rapporterast om verksemdar som går føre seg i soknet og som presten, soknerådet og dei tilsette har ansvar for. Aktivitetar som andre kristelege organisasjonar driv, er ikkje med i denne statistikken.

<sup>6</sup> Talet på kyrkjelege vigslar i denne statistikken avvik noko frå talet på kyrkjelege vigslar som byggjer på folkeregisteropplysningar i Befolkningsstatistikk. Ekteskap og skilsmisser.

*Dnk – fellesråda sine rekneskap* Dei kommunale løyvingane til kyrkja, sjå tabell 17.8, blir i hovudsak forvalta av dei kyrkjelege fellesråda. Rekneskapsstatistikk for dei kyrkjelege fellesråda blei for første gong innhenta for rekneskapsåret 1997. Heimel for denne statistikken er kyrkjelova av 7. juni 1996, og forskrift om økonomiforvaltninga for kyrkjelege fellesråd og kyrkjelydar i Dnk av 25. september 2003. I 2004 gjekk fellesråda og sokna over til å føre rekneskapane etter ny kontoplan. Statistikken vert publisert årleg i Dagens statistikk på nasjonalt nivå. I tabell 17.9 følgjer oversikt over utgifter og inntekter for fellesråda fordelt på ulike formål.

*Dnk – verksemd* Etter Standard for næringsgruppering (SN2002) omfattar tala for religiøs verksemd til og med 2008: næring 91310 religiøse organisasjonar; næring 93030 begravelsesverksemd og drift av kyrkjegardar og krematorium. Helse, omsorg og sosiale tenester omfattar næringane: 85339 andre sosialtenester utanfor institusjon; 85333 aktivitetssentra for eldre og funksjonshemma; 85313 omsorgsinstitusjonar for eldre og funksjonshemma; 85118 somatiske sjukeheimar. Barnehagar og skolefritidsordningar omfattar tilsvarande næringar (85331 og 85327). Offentleg administrasjon knytt til kyrkje med meir omfattar tilsvarande næring (75120). Andre verksemder omfattar næringane: 93020 frisering og annan venleikspleie; 70202 utleige av eigen fast eigedom elles; 55301 restaurant- og kafédrift.

Religiøs verksemd omfattar etter ny Standard for næringsgruppering (SN2007): næring 94.910 religiøse organisasjonar; næring 96.030 gravferdsverksemd og drift av kyrkjegardar og krematorium. Helse, omsorg og sosiale tenester omfattar næringane: 87.102 somatiske sjukeheimar; 87.301 aldersheimar; 87.304 avlastingsheimar/-institusjonar; 87.305 bustader for barn; 88.102 dagsentra/aktivitetssentra for eldre og funksjonshemma; 88.103 eldresentra; 88.999 andre sosiale tenester utan tilbod om bustad. Barnehagar og skolefritidsordningar omfattar næringane 88.911 og 88.913. Offentleg administrasjon knytt til kyrkje med meir omfattar næring 84.120. Andre verksemder omfattar næringane: 56.101 drift av restaurantar og kaféar; 56.210 cateringverksemd; 68.209 utleige av eigen eller leigd fast eigedom elles; 96.020 frisering og annan venleikspleie. Sjå også kap. 3.3.

*Rekneskapsfunksjonar til kyrkje og andre religiøse formål – kommunar*

I KOSTRA-rapporteringa av rekneskapane til kommunane omfattar kyrkje og andre religiøse formål desse rekneskapsfunksjonane:

- 390 Den norske kyrkja
- 392 Andre religiøse formål
- 393 Kyrkjegardar, gravlundar og krematorium

For rekneskapsomgrep nytta i KOSTRA, sjå kap. 1.3. omgrep og definisjonar.

*Levekårsundersøkingane*

Levekårsundersøkinga EU-SILC blir gjennomført årleg. Frå og med 2011 utgjer undersøkinga ein årleg fast kjerne av spørsmål og temabolkar med varierende tema. Tema blir tekne opp att med ein syklus på tre år. I 2011 var tema friluftsliv, organisasjonsaktivitet, politisk deltaking og sosiale nettverk, herunder spørsmål om ein tilhører ein religion eller trusretning, og kor aktiv ein er i denne samanhengen. I 2012 er tema bustad og buforhold. I 2013 er tema kulturbruk, idrett og fysisk aktivitet. Det blir kvart tredje år gjennomført eigne undersøkingar for helse, omsorg og sosial kontakt (sist i 2008) og arbeidsforhold og arbeidsmiljø (sist i 2009).

Det er to hovudformål levekårsundersøkingane tek sikte på å tilfredsstille. Dei skal for det første gjere det mogleg å kaste lys over hovudtrekka ved ulike sider av befolkningas levekår og skilnader i levekåra til befolkninga. For det andre skal levekårsundersøkinga gjere det mogleg å følgje utviklinga i levekåra til befolkninga, både utviklinga i levekåras nivå og skilnader.

**Referansar**

(SSB 2011) Statistisk sentralbyrå (6.12.2011): «10 prosent er medlem i trus- og livssynssamfunn». (<http://www.ssb.no/trosamf/>)

(SSB 212 a) Statistisk sentralbyrå (19.6.2012): «Flere til gudstjeneste». ([http://www.ssb.no/kirke\\_kostra](http://www.ssb.no/kirke_kostra))

(SSB 2012 b) Statistisk sentralbyrå (23.8.2012): «Færre vigslar, men fleire inngått i utlandet». (<http://www.ssb.no/ekteskap/>)

**Meir informasjon**

Den norske kyrkja: (<http://www.kirken.no>)

Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet:

(<http://www.regjeringen.no/nb/dep/fad/tema/kirke.html>)

Kulturdepartementet: ([http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/tema/tros-og\\_livssynssamfunn.html](http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/tema/tros-og_livssynssamfunn.html))

Statistisk sentralbyrå (2012): *Kulturstatistikk 2010*, Statistiske analysar 127 (<http://www.ssb.no/publikasjoner/>)

Levekårsundersøkingane: (<http://www.ssb.no/emner/07/02/10/orgakt>)

Kyrkjelege fellesråd, rekneskapsstatistikk: (<http://www.ssb.no/kirkereg/>)

Vaage, Odd Frank (2009): *Norsk kulturbarometer 2008*, Statistiske analysar 107, Statistisk sentralbyrå. (<http://www.ssb.no/kulturbar>)

Vaage, Odd Frank (2009): *Kultur- og mediebruk blant personer med innvandrerbakgrunn*, Rapportar 2009/29, Statistisk sentralbyrå. ([http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp\\_200929](http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp_200929))

**Tabell 17.1. Medlemmer<sup>1</sup> i trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja, etter religion/livssyn. 1. januar. 2006-2011. Absolutte tal og prosent**

	2006		2007		2008		2009		2010		2011	
	Absolutte tal	Prosent av alle	Absolutte tal	Prosent av alle	Absolutte tal	Prosent av alle	Absolutte tal	Prosent av alle	Absolutte tal	Prosent av alle	Absolutte tal	Prosent av alle
<b>Medlemmer, i alt</b> .....	<b>383 510</b>	<b>100,0</b>	<b>403 909</b>	<b>100,0</b>	<b>411 790</b>	<b>100,0</b>	<b>431 287</b>	<b>100,0</b>	<b>449 875</b>	<b>100,0</b>	<b>484 534</b>	<b>100,0</b>
Bahai .....	1 004	0,3	1 015	0,3	1 024	0,2	1 023	0,2	1 012	0,2	1 064	0,2
Buddhisme .....	9 934	2,6	10 753	2,7	11 038	2,7	12 252	2,8	13 376	3,0	14 580	3,0
Hinduisme .....	3 669	1,0	4 098	1,0	4 566	1,1	5 238	1,2	5 175	1,2	5 858	1,2
Islam .....	72 023	18,8	79 068	19,6	83 684	20,3	92 744	21,5	98 953	22,0	106 735	22,0
Jødedom .....	870	0,2	868	0,2	850	0,2	803	0,2	818	0,2	819	0,2
Kristendom .....	216 141	56,4	225 507	55,8	226 969	55,1	234 772	54,4	245 664	54,6	266 834	55,1
Sikhisme .....	2 257	0,6	2 440	0,6	2 537	0,6	2 713	0,6	1 037	0,2	2 975	0,6
Livssynssamfunn .....	77 271	20,1	79 722	19,7	80 659	19,6	81 124	18,8	82 890	18,4	84 481	17,4
Andre trus- og livssynssamfunn .....	341	0,1	438	0,1	463	0,1	618	0,1	950	0,2	1 188	0,2

<sup>1</sup> Omfattar berre medlemmer det blir motteke offentleg stønad for. Meir informasjon, sjå: <http://www.ssb.no/trosamf/>. "Om statistikken", feilkjelder.  
Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 17.2. Medlemmer<sup>1</sup> i trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja, etter religion/livssynssamfunn og medlemmer i Dnk, etter fylke. 2006-2011**

	Medlemmer utanfor Den norske kyrkja	Buddhisme	Islam	Kristendom	Annan religion <sup>2</sup>	Livssynssamfunn	Medlemmer i Den norske kyrkja per 31.12
2006 .....	383 510	9 934	72 023	216 141	8 141	77 271	3 871 006
2007 .....	403 909	10 753	79 068	225 507	8 859	79 722	3 873 847
2008 .....	411 790	11 038	83 684	226 969	9 440	80 659	3 874 823
2009 .....	431 287	12 252	92 744	234 772	10 395	81 124	3 848 841
2010 .....	449 875	13 376	98 953	245 664	8 992	82 890	3 835 477
2011 .....	484 534	14 580	106 735	266 834	11 904	84 481	3 851 145
<b>2011</b>							
Østfold .....	33 053	1 301	8 074	19 553	315	3 810	211 268
Akershus .....	58 838	2 116	11 572	30 515	2 017	12 618	411 746
Oslo .....	117 636	3 234	47 609	44 072	4 812	17 909	345 010
Hedmark .....	11 175	398	1 532	6 309	120	2 816	163 673
Oppland .....	9 159	294	1 498	4 847	107	2 413	160 978
Buskerud .....	29 056	874	8 533	13 944	1 435	4 270	200 478
Vestfold .....	23 500	645	3 685	14 271	322	4 577	182 654
Telemark .....	20 061	412	2 732	14 153	83	2 681	131 283
Aust-Agder .....	13 026	304	847	10 450	42	1 383	85 025
Vest-Agder .....	24 945	587	2 294	19 866	83	2 115	126 823
Rogaland .....	39 274	1 198	6 963	24 861	361	5 891	343 464
Hordaland .....	36 088	1 134	3 744	23 624	887	6 699	394 683
Sogn og Fjordane .....	3 702	54	410	2 278	62	898	94 905
Møre og Romsdal .....	13 842	367	908	9 677	417	2 473	218 562
Sør-Trøndelag .....	19 977	975	3 033	9 362	583	6 024	243 816
Nord-Trøndelag .....	5 819	193	756	3 028	56	1 786	117 384
Nordland .....	12 513	186	1 316	7 981	85	2 945	204 543
Troms Romsa .....	8 211	209	765	4 814	67	2 356	134 444
Finnmark Finnmarku .....	4 223	96	330	2 966	32	799	61 940
Uoppgitt/busett i utlandet .....	436	3	134	263	18	18	<sup>3</sup> 18 466

<sup>1</sup> Omfattar berre medlemmer det blir motteke offentleg stønad for. Meir informasjon, sjå: <http://www.ssb.no/trosamf/>. "Om statistikken", feilkjelder. <sup>2</sup> Omfattar Bahai, Jødedom, Sikhisme og andre trusretningar. <sup>3</sup> Inkluderer ikkje medlemmer busett i utlandet.  
Kjelde: Statistisk sentralbyrå og Kyrkjerådet.



Tabell 17.3. Medlemmer<sup>1</sup> i kristne trussamfunn utanfor Den norske kyrkja. Per 1. januar. 2005-2011

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
<b>Kristne trussamfunn .....</b>	<b>215 090</b>	<b>216 141</b>	<b>225 507</b>	<b>226 969</b>	<b>234 772</b>	<b>245 664</b>	<b>266 834</b>
Adventistsamfunnet .....	5 567	5 258	5 281	5 177	5 086	5 136	5 066
Dei frie evangeliske forsamlingar .....	3 653	3 514	3 628	3 455	3 434	3 492	3 395
Den Evangelisk Lutherske Frikyrkja i Noreg .....	21 140	19 308	19 524	19 496	19 262	19 503	19 614
Den Finländska evangelisk- lutherska församling .....	<sup>2</sup> 3 504	3 738	4 291	4 288	4 237	4 169	4 146
Den Islandske Evangeliske Lutherske menighet i Noreg .....	<sup>2</sup> 3 395	2 999	2 027	-	2 735	5 422	5 946
Den kristelige menighet .....	6 054	6 280	6 476	6 602	6 779	6 879	7 110
Den ortodokse kyrkja .....	5 028	5 494	6 075	6 771	7 664	8 492	9 894
Den romersk-katolske kyrkja .....	43 118	46 440	51 508	54 011	57 348	66 972	83 018
Det Evangelisk-Lutherske kyrkjesamfunn .....	3 410	3 347	3 345	3 275	3 232	3 213	3 213
Det norske Baptistsamfunn .....	9 549	8 745	9 071	9 492	9 382	9 749	9 922
Det Norske Misjonsforbund .....	8 505	8 154	8 399	8 476	8 497	8 729	9 091
Jehovas vitner i Noreg .....	14 502	14 568	14 756	14 856	14 976	11 640	11 739
Kristensamfundet .....	2 472	2 461	2 505	2 463	2 474	2 578	2 585
Kristne senter .....	3 264	2 975	3 353	3 324	3 290	3 266	3 252
Metodistkyrkja i Noreg .....	11 981	11 324	11 299	11 133	10 974	11 082	11 055
Pinsemenigheter .....	42 744	39 492	40 398	39 866	39 590	39 923	39 599
Svenska Margaretaförsamlingen i Oslo ..	<sup>2</sup> 7 267	12 166	13 098	14 087	15 574	14 626	17 376
Andre kristne trussamfunn .....	19 937	19 878	20 473	20 197	20 238	20 793	20 813

<sup>1</sup> Omfattar berre medlemmer det blir motteke offentleg stønad for. Meir informasjon, sjå: <http://www.ssb.no/trosamf/>. "Om statistikken", feilkjelder. <sup>2</sup> Berekna etter gamal metode.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 17.4. Den norske kyrkja. Kyrkjelege handlingar<sup>1</sup>, etter bispedøme. 1995-2011

	Talet på personar					
	Døypte	Konfirmerte	Kyrkjelege vigslar	Kyrkjelege gravferder	Innmelde i Dnk	Utmelde frå Dnk
1995 .....	50 342	39 857	13 502	42 104	1 130	5 857
1996 .....	50 067	39 122	13 837	41 352	1 071	5 000
1997 .....	50 294	39 083	14 049	42 417	1 392	4 955
1998 .....	48 462	37 870	13 189	42 002	871	4 831
1999 .....	48 049	37 408	12 744	42 436	943	4 416
2000 .....	48 023	37 330	14 041	41 369	843	4 519
2001 .....	46 135	37 427	12 091	41 313	1 239	3 866
2002 .....	44 136	38 250	12 690	41 531	854	3 759
2003 .....	43 916	40 183	11 440	40 115	856	3 603
2004 .....	44 008	41 600	10 710	38 491	877	4 475
2005 .....	43 016	42 110	10 189	37 683	1 178	6 038
2006 .....	43 255	42 587	9 594	37 897	1 132	8 134
2007 .....	42 916	42 472	10 358	38 805	956	8 312
2008 .....	42 599	41 655	10 536	38 832	955	7 036
2009 .....	41 920	41 885	10 009	38 290	1 788	10 792
2010 .....	41 100	41 981	9 549	38 290	1 101	6 570

## 2011

<b>I alt .....</b>	<b>39 958</b>	<b>42 556</b>	<b>8 598</b>	<b>37 906</b>	<b>1 755</b>	<b>7 047</b>
Oslo .....	4 136	3 128	730	4 169	259	1 524
Borg .....	4 844	5 288	973	4 665	206	825
Hamar .....	3 018	3 549	823	3 993	140	433
Tunsberg .....	3 544	3 843	908	4 051	175	749
Agder og Telemark .....	3 732	4 105	975	3 828	226	691
Stavanger .....	4 326	4 413	955	2 823	186	652
Bjergvin .....	5 598	6 314	1 122	4 565	178	750
Møre .....	2 585	3 006	502	2 202	107	307
Nidaros .....	3 890	4 256	726	3 372	127	645
Sør-Hålogaland .....	2 211	2 483	448	2 261	78	237
Nord-Hålogaland .....	2 074	2 171	436	1 977	73	234

<sup>1</sup> Statistikken omfattar ikkje kyrkjelege handlingar i utlandet eller ved institusjonar (sjukehus, fengsel), kyrkje for høyrselsskade, feltprestkorpsset o.a. som har eiga kyrkjebokføring.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 17.5. Den norske kyrkja. Gudstenester og deltakarar på gudstenester, etter bispedøme, 1995-2011

	Gudstenester		Deltakarar		Talet på deltakarar per gudsteneste søndagar/helgedagar i snitt
	I alt	Av dette gudstenester på søndagar/helgedagar	I alt	Av dette deltakarar på gudstenester på søndagar/helgedagar	
1995 .....	71 760	51 757	7 462 944	5 602 284	108,2
1996 .....	73 149	52 476	7 234 642	5 471 186	104,3
1997 .....	72 659	53 707	7 182 081	5 392 558	100,4
1998 .....	72 094	52 948	7 080 758	5 479 949	103,5
1999 .....	71 235	52 246	6 869 729	5 298 655	101,4
2000 .....	71 300	51 729	6 928 579	5 318 513	102,8
2001 .....	70 630	51 529	6 678 321	5 169 015	100,3
2002 .....	69 949	50 904	6 709 633	5 156 170	101,3
2003 .....	69 896	50 559	6 742 174	5 185 894	102,6
2004 .....	69 643	50 415	6 769 080	5 211 881	103,4
2005 .....	70 070	52 045	6 716 051	5 389 181	103,5
2006 .....	69 050	52 049	6 582 921	5 291 092	101,7
2007 .....	67 562	51 429	6 432 108	5 177 754	95,2
2008 .....	67 455	50 948	6 330 752	5 069 341	99,5
2009 .....	66 803	49 926	6 224 424	4 968 006	99,5
2010 .....	65 652	49 684	6 100 985	4 896 115	98,5
<b>2011</b>					
<b>I alt .....</b>	<b>65 580</b>	<b>49 002</b>	<b>6 265 261</b>	<b>4 985 031</b>	<b>101,7</b>
Oslo .....	6 245	4 098	643 368	482 205	117,7
Borg .....	6 606	4 920	639 807	503 744	102,4
Hamar .....	6 281	4 803	476 118	384 055	80,0
Tunsberg .....	5 849	4 586	546 128	443 995	96,8
Agder og Telemark .....	7 078	5 674	734 317	611 400	107,8
Stavanger .....	5 911	4 380	757 180	611 316	139,6
Bjergvin .....	8 876	6 658	846 643	677 366	101,7
Møre .....	3 938	3 215	430 426	356 446	110,9
Nidaros .....	6 142	4 283	536 948	402 867	94,1
Sør-Hålogaland .....	4 137	3 243	319 069	261 934	80,8
Nord-Hålogaland .....	4 517	3 142	335 257	249 703	79,5

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 17.6. Registerbasert sysselsetjingsstatistikk. Sysselsette<sup>1</sup> i Den norske kyrkja 15-74 år, etter kjønn og verksemd<sup>2</sup>. Per 4. kvartal 2005-2011**

	2005	2006	2007	2008	2009 <sup>3</sup>	2010	2011
<b>Sysselsette personar i alt .....</b>	<b>8 715</b>	<b>8 804</b>	<b>9 016</b>	<b>8 744</b>	<b>8 727</b>	<b>8 751</b>	<b>9 015</b>
Menn .....	4 342	4 288	4 451	4 308	4 304	4 274	4 394
Kvinner .....	4 373	4 516	4 565	4 436	4 423	4 477	4 621
<b>Religiøs verksemd .....</b>	<b>7 636</b>	<b>7 726</b>	<b>8 039</b>	<b>7 802</b>	<b>7 901</b>	<b>7 944</b>	<b>8 165</b>
Menn .....	4 157	4 140	4 290	4 146	4 169	4 124	4 232
Kvinner .....	3 479	3 586	3 749	3 656	3 732	3 820	3 933
<b>Helse, omsorg og sosialtenester .....</b>	<b>163</b>	<b>146</b>	<b>140</b>	<b>122</b>	<b>39</b>	<b>38</b>	<b>43</b>
Menn .....	17	11	13	12	1	1	2
Kvinner .....	146	135	127	110	38	37	41
<b>Barnehagar og skolefritidsordningar .....</b>	<b>689</b>	<b>714</b>	<b>608</b>	<b>598</b>	<b>557</b>	<b>537</b>	<b>565</b>
Menn .....	54	38	48	56	33	41	49
Kvinner .....	635	676	560	542	524	496	516
<b>Offentleg verksemd knytt til kyrkja og andre verksemder ..</b>	<b>227</b>	<b>207</b>	<b>217</b>	<b>206</b>	<b>209</b>	<b>213</b>	<b>223</b>
Menn .....	113	99	98	93	98	105	108
Kvinner .....	104	108	119	113	111	108	115
<b>Andre verksemder .....</b>	<b>10</b>	<b>11</b>	<b>12</b>	<b>16</b>	<b>21</b>	<b>19</b>	<b>19</b>
Menn .....	:	:	:	:	3	3	3
Kvinner .....	:	:	:	:	18	16	16

<sup>1</sup> Omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald. <sup>2</sup> Religiøs verksemd omfattar næring 91310 - Religiøse organisasjonar og næring 93030 - Gravferdsverksemd og drift av kyrkjegardar og krematorium. Helse, omsorg og sosiale tenester omfattar næringane 85339 - Andre sosialtenester utanfor institusjon, 85333 - Aktivitetssentra for eldre og funksjonshemma, 85313 - Omsorgsinstitusjonar for eldre og funksjonshemma, og 85118 - Somatiske sjukeheimar. Barnehagar og skolefritidsordningar omfattar tilsvarande næringar (85331 og 85327). Offentleg administrasjon knytt til kyrkje m.m. omfattar tilsvarande næring (75120). Andre verksemder omfattar næringane 93020 - Frisering og annan venleikspleie, 70202 - Utleige av eigen fast eigedom elles og 55301 - Restaurant- og kafedrift. <sup>3</sup> Religiøs verksemd omfattar næring 94.910 Religiøse organisasjonar og næring 96.030 Gravferdsverksemd og drift av kyrkjegardar og krematorium. Helse, omsorg og sosiale tenester omfattar næringane: 87.102 Somatiske sjukeheimar, 87.301 Aldersheimar, 87.304 Avlastingsheimar/-institusjonar, 87.305 Bustader for barn, 88.102 dagsentra/aktivitetssentra for eldre og funksjonshemma, 88.103 Eldresentre og 88.999 Andre sosiale tenester utan tilbod om bustad. Barnehagar og skolefritidsordningar omfattar næringane 88.911 og 88.913. Offentleg administrasjon knytt til kyrkje med meir omfattar næring 84.120. Andre verksemder omfattar næringane: 56.101 Drift av restaurantar og kafear, 56.210 Cateringverksemd, 68.209 Utleige av eigen eller leigd fast eigedom elles og 96.020 Frisering og annan venleikspleie.  
Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 17.7. Statlege utgifter til Den norske kyrkja. 2005-2011. Rekneskapstal 2005-2011. Løyvingar. Millionar kroner og prosent**

	Absolutte tal	Prosent av departementet sine utgifter
2005 <sup>1</sup> .....	1 206,3	19,9
2006 .....	1 293,7	19,0
2007 .....	1 352,9	18,5
2008 .....	1 434,1	18,1
2009 .....	1 611,5	17,7
2010 <sup>2</sup> .....	1 524,8	19,8
2011 .....	1 672,0	18,9

<sup>1</sup> 2005 til 2009 inngjekk Den norske kyrkja i budsjettet til Kultur- og kyrkjedepartementet. <sup>2</sup> Frå 2010 hører Den norske kyrkja under Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet.

Kjelde: Kulturdepartementet og Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet.

**Tabell 17.8. Netto drifts- og investeringsutgifter for kommunar til Den norske kyrkja, andre religiøse formål og kyrkjegardar, gravlundar, krematorium. 2009-2011**

	Funksjon 390 Den norske kyrkja og funksjon 393 kyrkjegardar, gravlundar, krematorium					Funksjon 392 Andre religiøse formål			
	Netto driftsutgifter			Netto drifts- utgifter til funksjonane 390 og 393 i prosent av totale driftsutgifter	Investerings- utgifter til funksjonane 390 og 393	Netto driftsutgifter	Netto driftsutgifter i prosent av totale driftsutgifter	Investerings- utgifter	
	Totalt til Den norske kyrkja og kyrkjegardar, gravlundar, krematorium	Av dette til Den norske kyrkja	Av dette til kyrkjegardar, gravlundar, krematorium						
	Mill. kr	Mill. kr	Mill. kr	Prosent	Mill. kr	Prosent	Mill. kr		
2009	2 239,6	2 014,0	225,7	1,2	869,6	176,0	1,2		
2010 <sup>1</sup>	2 324,4	2 094,1	230,3	1,2	813,1	210,6	1,6		
2011	2 455,7	2 187,0	268,7	1,1	804,3	220,6	11,4		
Østfold	125,9	108,3	17,6	1,0	37,8	16,1	0,0		
Akershus	213,8	187,8	26,1	0,9	50,7	18,5	0,0		
Oslo	173,9	129,6	44,4	0,5	99,1	57,5	0,0		
Hedmark	99,0	96,3	2,7	1,1	12,0	4,6	0,0		
Oppland	113,8	105,4	8,4	1,3	9,2	3,8	0,0		
Buskerud	124,3	110,4	13,9	0,9	42,4	12,1	0,0		
Vestfold	112,7	102,7	10,0	1,1	37,2	8,2	0,0		
Telemark	101,8	91,3	10,5	1,2	36,9	10,3	0,0		
Aust-Agder	66,2	60,1	6,1	1,3	7,8	7,4	0,0		
Vest-Agder	88,7	79,5	9,2	1,1	24,5	13,8	0,0		
Rogaland	236,3	219,4	16,9	1,2	106,2	20,9	0,0		
Hordaland	264,1	225,1	39,0	1,2	139,0	16,7	0,0		
Sogn og Fjordane	80,6	77,0	3,6	1,4	10,9	1,9	0,0		
Møre og Romsdal	155,0	138,4	16,6	1,3	36,8	6,6	0,0		
Sør-Trøndelag	141,4	121,1	20,3	1,1	68,9	7,7	0,0		
Nord-Trøndelag	72,1	63,4	8,6	1,1	14,4	2,2	0,0		
Nordland	150,4	143,5	6,9	1,3	44,9	6,1	0,0		
Troms Romsa	85,8	80,7	5,2	1,1	23,2	3,6	0,0		
Finmark Finnmarku ...	49,9	47,2	2,7	1,1	2,5	2,5	0,0		

<sup>1</sup> Estimert alle kommunar.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 17.9. Kyrkjelege fellesråd, rekneskapsstatistikk<sup>1</sup>. Inntekter og utgifter. 2009-2011**

	2009				2010				2011			
	Drifts- inn- tekter i alt	Drifts- utgifter	Inves- terings- utgifter	Drifts- utgifter terings- utgifter	Drifts- inn- tekter i alt	Drifts- utgifter	Inves- terings- utgifter	Drifts- utgifter terings- utgifter	Drifts- inn- tekter i alt	Drifts- utgifter	Inves- terings- utgifter	Drifts- utgifter terings- utgifter
	Mill.kr	Prosent	Mill.kr	Prosent	Mill.kr	Prosent	Mill.kr	Prosent	Mill.kr	Prosent	Mill.kr	Prosent
<b>Driftsinntekter i alt</b>	<b>23 490</b>				<b>23 642</b>				<b>3 854</b>			
<b>Driftsutgifter i alt</b>	<b>23 329</b>	<b>100,0</b>	<b>702</b>	<b>100,0</b>	<b>23 502</b>	<b>100,0</b>	<b>686</b>	<b>100,0</b>	<b>3 659</b>	<b>100,0</b>	<b>807</b>	<b>100,0</b>
Kyrkjeleg administrasjon	949	29,0	16	2,0	954	27,0	7	1,0	1 018	28,0	12	1,0
Kyrkjer	1 286	39,0	505	72,0	1 358	39,0	498	73,0	1 360	37,0	591	73,0
Gravstader	560	17,0	139	20,0	580	17,0	163	24,0	613	17,0	162	20,0
Anna verksemd i kyrkjene	534	16,0	42	6,0	610	17,0	18	3,0	668	18,0	42	5,0

<sup>1</sup> For fellesråd med manglande rapportering er det estimert verdiar. <sup>2</sup> Oppdaterte tal.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 17.10. Religiøs tilknytning og deltaking for personar 16 år og over, etter kjønn, alder, landsdel og utdanning. 2011. Prosent

	Tilhører ein religion eller trusretning	Religiøse som deltek på gudsteneste/religiøst møte månadleg eller oftare	Talet på dei som svara
<b>Begge kjønn</b> .....	<b>55</b>	<b>18</b>	<b>4 864</b>
16-24 år .....	47	19	604
25-44 " .....	50	18	1 639
45-66 " .....	56	16	1 848
67- " .....	72	20	773
<b>Menn i alt</b> .....	<b>51</b>	<b>17</b>	<b>2 590</b>
16-24 år .....	45	18	331
25-44 " .....	47	20	867
45-66 " .....	52	17	1 013
67- " .....	63	13	379
<b>Kvinner i alt</b> .....	<b>60</b>	<b>18</b>	<b>2 274</b>
16-24 år .....	50	21	273
25-44 " .....	53	17	772
45-66 " .....	61	15	835
67- " .....	79	24	394
<b>Heile landet</b> .....	<b>55</b>	<b>18</b>	<b>4 864</b>
Oslo/Akershus .....	51	20	1 154
Austlandet elles .....	55	15	1 276
Agder og Rogaland .....	59	32	668
Vestlandet .....	59	17	841
Trøndelag .....	53	9	448
Nord-Noreg .....	57	11	477
<b>Utdanning</b> .....	<b>55</b>	<b>18</b>	<b>4 864</b>
Ungdomsskole .....	56	15	1 048
Vidaregåande skole .....	56	15	1 999
Universitet/høgskole, kort .....	53	22	1 215
Universitet/høgskole, lang .....	52	23	452

Kjelde: Levekårsundersøkinga 2011, Statistisk sentralbyrå.